

Innspel til regjeringa sitt fornyingsarbeid

Bakgrunn for dette innspelet er invitasjon frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet datert 6. juli 2006.

Bømlo kommune er med i Kommunal- og regionaldepartementet si satsing Stifinnerprogrammet, som har som målsetjing og driva heilskapleg fornyingsarbeid i kommunane. Av adresselista for invitasjonen oppfattar me at det er med bakgrunn som "Stifinnarkommune" at me vert kontakta i denne saka.

Me ønskjer difor å ta utgangspunkt i det arbeidet som inngår i Stifinnerprogrammet i kommunen når me skal gje innspel til vidare fornyingsarbeid innan offentleg forvaltning. Styringsgruppa for Stifinnarprosjektet i Bømlo hadde møte 22 august. Der vart mellom anna denne invitasjonen tatt opp til drøfting. Dette notatet tar utgangspunkt i den diskusjonen som var i møtet.

Stifinnarprosjektet i Bømlo kommunen kan delast inn i 4 hovudsatsingsområde:

1. Effektivisering og kvalitetsutvikling av dei kommunale tenestene gjennom brukarundersøkingar, benchmarking og nettverksarbeid.
2. Auka tilgjenge til kommunale og andre offentlege tenester ved bruk av nettenester og lokal breibandsutbygging.
3. Styrking av kommunen som serviceverksemd
4. Positiv samfunnsutvikling gjennom samarbeid med næringsliv, lag og organisasjonar

Prosjektplanen og ulike rapportar er lagt ut på nettstaden www.stifinneren.no . Oversikt over aktive prosjekt i 2006 finn ein på denne lenka:

<http://www.kunnskapsnettverk.no/C2/Bømlo/Document%20Library/Kva%20skjer%20i%202006.doc>

1. Effektivisering og kvalitetsutvikling av dei kommunale tenestene gjennom brukarundersøkingar, benchmarking og nettverksarbeid.

Kommunen har arbeidd med effektivisering og kvalitetsutvikling gjennom KS-opplegget "Effektiviseringsnettverka". Både nettverksarbeidet og verktøyet for kvalitetskartlegging og benchmarking (www.bedrekommune.no) har vore nyttige og ført til gode prosessar i kommunen.

Det er viktig at denne satsinga vert ført vidare og utvikla til å omfatta fleire tenesteområde.

Vidare bør fylkeskommunen og statsetatane dra nytte av den erfaringa kommunane har hatt gjennom deltaking i dette arbeidet. Dette gjeld og i saksområde der stat/fylke samhandlar med kommunane. Me ønskjer at det vert tatt initiativ til kvalitetskartlegging av denne samhandlinga og at det med bakgrunn i dette vert etablert nettverksgrupper for effektivisering og kvalitetsutvikling av fylkeskommune og ulike statsetatar.

2. Auka tilgjenge til kommunale og andre offentlege tenester ved bruk av nettenester og lokal breibandsutbygging.

Gjennom Stifinnarprogrammet har me satsa på utvikling av "Den digitale kommune" med ei rekkje tiltak som:

- Utvikla dei kommunale nettsidene til å innehalde ei rekkje kommunale tenester og nyttig innbyggjarretta informasjon. (www.bomlo.kommune.no)
- Felles portal og felles digital læringsplattform alle skulane i kommunen
- Utarbeidd portal der lag og organisasjonar kan få gratis nettsider
- Utvikling av politikarnett og digital utsending av sakspapir
- Breiband (fiber) til alle skular og kommunale institusjonar (1000 mb/sek)

For å få full effekt av dette arbeidet er det vesentleg at breibandnettet vert bygd ut til å dekkje heile kommunen. Sjølv om kommunen og det lokale næringslivet har satsa stort her, manglar de framleis ein del. Det offentlege verkemiddelapparatet (HØYKOM) er sentrert rundt "ABC-kommunane". Dette slår uheldig ut for ein kommune som Bømlo som er rekna som ein sentral kommune men som likevel har mange av dei same problemstillingane som distriktskommunane.

*Satsinga på utbygging av breibandnettet må intensiverast for **alle** kommunane*
Arbeidet med "Min side" og offentleg tryggleiksportal må halde fram og intensiverast.

3. Styrking av kommunen som serviceverksemd

Me har starta eit arbeid for å styrka kommunen som serviceverksemd gjennom prosjektet "Servicekommuneprosjektet". Målsetjinga for prosjektet er:

Prosjektet tar sikte på å styrke kommunen som serviceverksemd gjennom å styrke servicehaldninga i alle ledd av kommunen.
 Prosjektet skal bidra til at innbyggjarane, i ennå større grad, skal oppleve at det dei som er i sentrum for kommunen si verksemd. Prosjektet skal konkret føra til større grad av opplevd kvalitet i møte mellom kommunen og innbyggjarane.

Gjennom dette prosjektet vil me og setja fokus på intern samhandling og andre interne faktorar som er viktige i forhold til det å vera ein servicekommune. "Omdømmebygging" er og eit vesentleg moment.

I møte med andre offentlege etatar og instansar opplever me til tider at det er store barrierar i forhold til å få gode dialogar om ulike utviklingsprosjekt. Fleire instansar vert til tider opplevd som "proteksjonistiske" og som "seg sjølv nok". Skal me få mest mogeleg effekt ut av dei offentlege kronene må me styrka evna til samhandling og den interne servicehaldninga. (Dette heng saman med pkt 1 i dette notatet)

Det bør vurderast å utvikla eit opplegg for utvikling av servicehaldninga i statlege etatar på line med Servicekommuneprosjektet

Internservicen i det offentlege må styrkast i forhold til samhandlinga mellom kommune, fylkeskommune og statsetatar

Lenke til prosjektskisse for servicekommuneprosjektet

<http://www.kunnskapsnettverk.no/C2/B%3%b8mlo/Document%20Library/Servicekommune%20-%20prosjektskisse.doc>

4. Positiv samfunnsutvikling gjennom samarbeid med næringsliv, lag og organisasjonar

Utfordringa for velferdstenestene i kommunane aukar mellom anna som ein følgje av den demografiske utviklinga. For å møte denne utfordringa må det offentlege i større grad enn tidlegare samarbeide med det frivillige, lag og organisasjonar og næringslivet. Det handlar ikkje her om privatisering av offentlege oppgåver, men å finne fram til "vinn, vinn" situasjonar der ein gjennom samarbeid kan få dei offentlege kronene til å rekkja lenger samstundes som enkeltindivid, lag, organisasjonar og næringsliv kan realisera ulike mål. Samstundes ser ein at lag og organisasjonar og

næringslivet har god nytte av tettare samarbeid, men at det ofte manglar gode arenaer for å treffast og finna fram til aktuelle samarbeidsprosjekt.

Stifinnarkommunane har i fellesskap arbeid med desse problemstillingane i forhold til å finne gode samhandlingsarenaer for stimulering til frivillig arbeid, utvikle partnerskapsavtalar og finne gode arenaer for samhandling mellom frivillig arbeid, lag, organisasjonar, næringsliv og det offentlege. Mellom anna ser ein på systemet med "Markedsplace" i Nederland og arbeidet med "Frivillighetsmeldingen" i Bærum kommune.

Med bakgrunn i det arbeidet som pågår i Stifinnarkommunane bur det utviklast ei nasjonal satsing for å utvikle "verktøykasse" med eksempel på tiltak, metodikk mv for bruk i kommune-Norge.

Bømlo 29.08.02

Kristian Birkeland

Prosjektleder for Stifinnarprosjektet i Bømlo